

Notat

Frå: Næringsavdelinga ved Lena Merete Söderholm

Til: Hovudutval for næring og kultur

Kopi: Fylkesordførar Jenny Følling

Orientering og førespurnad om deltaking under Nor-Fishing 2016

Årets store fiskerimesse Nor-Fishing 2016 finn stad i Trondheim 16.-18.august. Messa har sidan 1960 vore ein viktig nasjonal og internasjonal møtestad for fiskerinæringa og er ein av verdas leiande innan fiskeriteknologi. Dei siste åra har om lag 15 000 besøkande frå 50 nasjonar vitja messa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom mange år lagt opp til å samla fiskerinæringa i fylket til å presentere seg samla på ein fellesstand under messa. Fiskerimesa vert arrangert anna kvart år og sidan 2010 har vi nytta A til Å Grafisk Design og Media til det praktiske arbeidet med å planlegge og gjennomføre messa på vegne av fylkeskommunen. Dette gjer vi også i år. Vi har fått tildelt 130 m² i hall D, som er rekna for å vere den mest attraktive hallen å vere plassert i, og inviterer bedrifter til å delta på dette arealet.

Vanlegvis har standen hatt ei «formell» opning på første messedagen ved fylkesordføraren, og dette håper vi å kunne gjenta også i år. Eg har reservert nokre hotellrom under messa, slik at det kan vere moglegheit for representantar frå hovudutvalet til å vitje messa ein eller to dagar. Romma må avbestillast innan 1.mai om vi ikkje skal betale for dei. Prisene på hotellrom under messa er dobla i høve til ordinær pris, så det er viktig at vi ikkje held av rom som ikkje skal nyttast.

Eg minner om at reise og opphald må betalast frå fylkespolitikarane sine ordinære reisebudsjett.

Under dei siste messene har vi gjennomført eit opplegg der vi tek gjester frå politikarar og administrasjon med på ei runde på messeområdet for å møte bedrifter frå fylket, både dei som står på fellesstanden, og andre som er plassert andre stader på messeområdet. Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på, og eg legg opp til å gjenta dette om det er ynskjeleg.

Messa opnar på føremiddagen tysdag 16.august, og eit «opplegg» for gjester vil finne stad seinare denne dagen og kanskje også på føremiddagen den 17. august (avhengig av kor mange bedrifter vi legg opp til å treffe). Det er også faglege foredrag og presentasjonar frå ulike arrangørar. Desse finn stad kvar dag under messa, og dei fleste av desse krev ikkje påmelding på førehand. Desse vil etter kvart kome på ein eigen kalender på Nor-Fishing si heimeside.

Eg ynskjer ei snarleg tilbakemelding frå hovudutvalet om det vil vere politikarar frå HNK som skal delta på Nor-Fishing i august. I tilbakemeldinga treng eg og å vite kven som skal delta, og kva dagar desse vert til stades, slik at eg kan reservere hotellrom i høve dette og innan tidsfristane.